


DET NORSKE TEATRET



En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi:

Jarlsberg Mineralvann A/S



Restaurant

FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis
Nationaltheatret*



Likar De å følgje med?

Få
syn for segn
les



Det største allmenne tidsskriftet i landet

OPPLAG I DAG: 15 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 570 sider. Årspengar kr. 24,00 — for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved tinging direkte til forlaget. Tidsskriftet kan tingingst for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1
Postgiro 87 02 — bankiro 75/659

det norske samlaget

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketonar i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerna.

„— som ein ange av blomar”

(A Scent of Flowers)

Skodespel i 3 akter av JAMES SAUNDERS

Omsetjing og regi: FINN KVALEM
Dekor og kostyme: URSULA SCHUH
Musikk: ECKART IHLENFELD
Regiassistent: ROLF SAND
Dansen er laga av ROLF DALENG
Lys: ERHARD GRICKSCHEIT
Inspisient: REIDAR JAMVOLD
Dekorasjonen er laga av SNORRE TINDBERG
Kostyma er laga av RANDI SKAHJEM

Vi takkar Oslo Katolske Bispedømme
for god hjelp med rekvisitter og utstyr

SESONGEN 1966/67

Billettar får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker



Walter Jacobsen a.s
MODELLKONFEKSJON
Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368
Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

JAMES SAUNDERS



Etter det han sjølv seier, tilhører han den generasjonen av britiske «arbeidardiktarar» som har fått så stor innverknad heime og ute etter at John Osborne skreiv «Look Back in Anger». Dei voks opp i ein atmosfære av klassemotsetnader, arbeidsløyse og fattigdom, og dei agiterer alle på si vis mot ei samfunnsform som dei finn umenneskeleg og fråstøytande. Dette er bakgrunnen for alle stykka til Saunders, ikkje minst «A Scent of Flowers» («— som ein ange av blomar»). Men det ville vera gale å kalle det «ein Lehrstück».

«Eg interesserer meg ikkje for svara, berre for forma,» seier Saunders, og såleis skil han seg sterkt ut frå t. d. Arnold Wesker.

Livet var hardt i tju- og trettiåra då Saunders voks opp. Han er fødd i 1925. Femten månader gjekk faren arbeidslaus. Guten kunne gå på skule til han var 16 år, takka vere eit stipend for gåverike born. Under krigen tenestgjorde han som mekanikar i marinen, og etterpå studerte han kjemi og fysikk ved universitetet i Southampton. Etter ei tid ved eit industrilaboratorium tok han


deltidsarbeid som lærar i matematikk, fysikk og kjemi. Heilt til 1963, då han braut tvert av for å konsentrere seg om forfattarskapen. Alt i studentdagane hadde han byrja skrive for teater. I 1959 vart han knytt til ei framifrå amatørgruppe i London, «Questors Theatre».

Dei som særleg har påverka han, er Ionesco, Beckett, Strindberg og Pirandello. I stykka sine konfronterer han gjerne to stridande krefter eller to menneske som er fastlåste i sine posisjonar og ikkje kan få kontakt med kvarandre. Språket er poetisk og oppblanda med engelsk sjargong, ein slags halvsurrealistisk slang som han lærte i marinen – eit språk med fargesterke metaforar og dramatisk kraft.

Dei to store suksessane hans er «Next Time I'll Sing to You» og «A Scent of Flowers». Det fyrste stykket er inspirert av Raleigh Trévilyans bok om ein vidgjeten eremitt i Essex. Forfattaren karakteriserer dette pirandelloske kunstverket som «eksistensialistisk meiningsløyse». I «A Scent of Flowers» blir også illusjon og røyndom blanda saman slik som hjå Pirandello, men her høyrer ein samstundes tydelege ekko frå Strindberg. Saunders bryr seg ikkje med å stikke sine førebilete under stol.

I seinare tid har Saunders drive med omarbeidingar. Han har m. a. dramatisert fem noveller av D. H. Lawrence, «den fyrste engelske arbeidardiktaren», for fjernsyn.

1891 - 75 ÅRS JUBILEUM - 1966



REDNINGSSKØYTENE
reddet i 1965 39 mennesker
fra drukningsdøden, og var
til hjelp for 3842 mennesker.

**STØTT SJØFARER –
AKSJONEN**

**Send ditt
bidrag
til**

NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING
Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 900 026/51

*Den kresne kvinne finner alltid
vei til*

Pikant

Damekonfeksjon


Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28

OMKRING REPERTOARET —

Haustsesongen på Det Norske Teatret blir ein presentasjon av ny dramatikkk frå England, Amerika og Polen. Og mellom det unge og nye har vi plassert den gamle som aldri blir gammal: William Shakespeare med «Othello».

Polakken *Slawomir Mrozek* og den amerikanske negeren *James Baldwin* står i dag heilt framme i den internasjonale scenekunsts rampelys. «Tango» har sprengt Warszawas grenser, på same måte som «Blues for Mr. Charlie» lyfter seg ut or den vesle sørstatsbyen handlinga er så sterkt bunden til. Også i *James Saunders'* «— som ein ange av blomar» er det lokale, her det engelske, lyft opp på eit allmennmenneskeleg plan; derfor blir dette skodespelet tatt opp i land etter land.

Saunders er ein mellom mange unge som i dag gjer den engelske dramatikken til den mest livskraftige og essensielle i heile verda: Arnold Wesker, John Arden, Harold Pinter, John Osborne osv. Det er ein dramatikkk som har fått impulsar frå det absurde drama, men engelskmennene er for mykje realistar til å gje seg absurdismen heilt i vald. Skodespela deira har røter i det verkelege folkeliv i atomalderen — dei har mindre av intellektuelt raffinement og meir av puls og substans enn den nye dramatikken på andre sida av kanalen. Kvardagen har igjen trengt inn på scenen — ein slags «nyrealisme», om enn urealistisk, formen ofte med poetisk undertone og perspektiv.



Instruktøren Finn Kvalem og Zoe.



„— som ein ange av blomar”


Å skrive eit teaterstykke er ein ting – å skrive om det er noko heilt anna.

Mange dramatikarar har ingen vanskar i så måte: Shaw og Brecht kunne skrive utførleg om skodespela sine. Dei gjorde det forresten gjerne, fordi stykka deira skulle omvende folk, eller i alle fall verke oppdragande. Bortsett frå at eg korkje er Shaw eller Brecht, skriv eg ikkje med slike mål for augo. Eg er nemlig overttydd om at ingen kunstverk – og her nyttar eg ordet i vidaste meining – nokon gong har omvendt eitt einaste menneske. Sjølv-sagt er det fint for ein kunstnar å vita at han står på den rette sida – at han målar madonna med barn når det er bruk for religion, eller skriv stykke mot raseskilnad når rasehat blir fordømt, slik som i dag. Det er hyggeleg å vita at ein underheld folk og tener gode pengar på det, når ein samstundes gjer det som er rett. Men eg tvilar på at nokon har byrja ære Gud eller slutta å plaga negrar av den grunn. Ja, om eg var leiar for ein totalitær stat, ville eg la alle liberale og kunstnarar få lov til å produsere så mange kunstverk dei berre orka, slik at dei heldt seg vekk frå politikken. For kva kan eit teaterstykke i tre akter utretta samanlikna med ein velforma, hatefull tale?

— — —

Eg trur alle menneske ein gong i livet har byrja skrive på ein roman. I alle fall gjorde eg det. Men eg arbeidde ikkje mot noko bestemt mål, eg trudde berre ikkje at eg kunne skrive på nokon annan måte. Omkring 1950 laga eg så dei fyrste teaterstykkane mine og fann at denne forma passa meg mykje betre. For å vera ein god romanforfattar må ein ha augo sine på omverda – eg ville halde meg til det som foregår i meg sjølv. Og når eit teaterstykke

Framhald side 17.



URSULA SCHUH



I seinare år har Ursula Schuh vekt stor åtgåum som dekoratør i Tyskland. Ho arbeider no i Hamburg, ved Statsoperaen og særleg Deutsches Schauspielhaus, der mannen hennar, Oscar Fritz Schuh, er sjef og instruktør. I samarbeid har dei to laga ei rekkje store og fine framsyningar. Siste storverket er «Ondine» av Giraudoux, som vart ein enorm kritikar- og publikumssuksess etter premièren i vår, karakterisert som «vår tids Ondine». Dekorasjonane De ser i kveld, er stort sett dei same som ved framsyninga av «— som ein ange av blomar» på Schauspielhaus – der går stykket no på andre året. Oscar Fritz Schuh er ein leiande teatermann i dagens Tyskland. Etter at han vart sjef for Schauspielhaus i Hamburg, har han gjort mykje for å innarbeide moderne repertoar ved dette teatret. Han er også ein stor O'Neill-kjenningar. Fru Schuh deler denne interessa, og ho har m. a. omsett og tilrettelagt manuskriptet til «More Stately Mansions» for tysk scene. Ekteparet er årvisse gjester ved festspela i Salzburg. I haust førebur dei «Belagerungszustand» av Camus.

Likevel har ikkje Ursula Schuh nokon lang karriere som teaterdekoratør bak seg. Ho «debuterte» faktisk så seint som i 1964 med dekorasjonar til balletten «Eldfuglen» ved Hamburgische Staatsoper. Men då hadde ho rike kunstnarlege røymsler å byggje på. I tidlege år stod valet mellom å bli kunsthistorikar eller målarinne. Men, som ho sjølv seier, «tilbakefalla» til å

MIDT PÅ KARL JOHAN
EGERTORVET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greit
Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

BØNDERNES BANK 

Vinleggere

1. kl. druesaftkonsentrat for vinlegging gir rødvin til
ca. kr. 1,50 pr. fl. og madeira, tokayer, portvin, sherry
og vermouth til ca. kr. 2,00 pr. fl. Be om brosjyre.

Dr. O. N. HEIDENREICH

Kjem. lab. - Grønland 2 Oslo 1 - Tlf. 68 10 55

NATIONEN

Kontakten mellom bygd og by!

Kr. 45,00 pr. kvartal

HENRIK BØHM'S

Paraply- og regntøyforretning

Torggt. 23. Tlf. 42 16 87

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

Gamle og nye kunder ønskes velkommen

måle kom jamt og ofte, og slik vart det. Etter studieår rundt i Tyskland, Austerrike og Frankrike hadde ho si fyrste utstilling i Wien i 1942, og ho var ein aktiv medlem av kunstmiljøet alle åra ho budde der. Både «Welt am Montag» og «Welt am Abend» nytta henne som biletredaktør og kritikar. Etter kvart kom ho til å stille ut mange stader – i Berlin, Linz, Köln, Salzburg, Milano, – og no i Hamburg.

Det er ei glede for Det Norske Teatret å ynskje Ursula Schuh velkomen.



„- som ein ange av blomar”

(A Scent of Flowers)

Skodespel i 3 akter av JAMES SAUNDERS

Omsetjing og regi: FINN KVALEM

Dekor og kostyme: URSULA SCHUH

Musikk: ECKART IHLENFELD

Personane

(i den rekkjefølgja dei kjem inn på scenen):

ZOE	Lise Fjeldstad
FRED	Jack Fjeldstad
SID	Rolf Sand
GODFREY	Per Jansen
SCRIVENS } PRESTEN }	Odd Furøy
EDGAR	Bjarne Andersen
BESTEMOR	Aasta Heide Holm
AGNES	Eva Sletto
DAVID	Henrik Anker Steen

Pause mellom aktene


Regiassistent: ROLF SAND

Dansen laga av: ROLF DALENG

Lys: ERHARD GRICKSCHEIT

Inspisient: REIDAR JAMVOLD

Dekorasjonen er utført av *Snorre Tindberg*,
kostyma av *Randi Skahjem*




Framhald frå side 9.

oppstår, inneheld det ein slags personleg dialektikk, eit skjema med spørsmål og svar, som eg får god hjelp av.

Så vel «Next Time I'll Sing to You» som «A Scent of Flowers» handlar mellom anna om det punkt der vår logiske sans må gje tapt – nemleg om døden. Det er ingenting vår logikk og våre kjensler har vanskelegare for å akseptere enn døden. Berre eitt faktum gjer døden mogleg: at han eksisterer. Eg kan ikkje tenkje meg noko meir absurd enn at noko som er levande, plutselig ikkje er til meir, at liv blir død. Eg kan ikkje få det or tankane. Derfor skriv eg om det.

Det var verkeleg eit tilfelle at «eremitten» i «Next Time I'll Sing to You» var svært gammal og at Zoe er så ung, og at han var einebuar medan ho tilhøyrer eit samfunnslag. Og medan eremitten ikkje hadde nokon verkeleg eksistens, men levde i fantasien til nokre skodespelarar, så er Zoe i «A Scent of Flowers» den eigenleg viktige figuren; dei andre er berre viktige i den grad dei klårgjer hennar liv og miljø for oss. På meg verkar det berre som tomt skrivebordsrabbel å dra inn i eit stykke noko som ikkje er absolutt viktig. Og eg kan ikkje innsjå at den konvensjon eg her følgjer, skulle vera verre eller betre enn dei naturalistiske konvensjonar som tilfeldigvis blir dyrka så intenst i vår tid



Dette vil seia at personane mine berre har ein avgrensa funksjon. David, far til Zoe, er med for å vise kor glad ho er i han, og også for å understreka korleis han har svikta.

Agnes? Ho er intelligent, sensibel og skulle eigenleg vera i stand til å hjelpe Zoe. Ho manglar berre det viktigaste: innlevings-evne. Men det finst ikkje noko absolutt vondt i henne.

At onkel Edgar er med, finn eg heilt naudsynleg. Eg har med vilje stilisert han, fordi han sjølv stiliserer seg: han spelar medvite rolla som klovn. Han er typen på ein romantikar som blir klår over at dei kroppslege og sjelelege funksjonane hans er trivielle, og at dei krefter som driv han er nokså usle. Så skaffar han seg ei rolle og lever som Edgar – klovnen med hjarta av gull, medan han dekkjer over sine patetiske lyster.

Zoe må ha med seg alt det eg gjerne ville få sagt om kor naudsynt det er å leva. Derfor let eg henne vera ung. Og eg let henne døy, for at tilskodaren skulle sjå rekkevidda av livet og døden hennar i same andedrag. For å gjera livet hennar så levande og intenst som råd, let eg henne alt i byrjinga vera innvikla i ein umogleg kjærleikskonflikt. Og eg let henne vera katolikk, for å utløyse denne uløselege konflikten.

Framhald side 23.



LIVSTRYGDELGET
ANDVAKE
MØLLERG. T. 16. - OSLO 1



Kos Dem i høstkveldene

Pynt opp med vakre broderier. De bringer
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

Begynn med brodering, en kongelig hobby

RANDI MANGEN & CO.

SPESIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

S. BRUUN

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer — TV
Elektriske apparater m. m.*

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør
det lettere å finne apparater som passer

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12







Framhald frå side 19.

Kjenslene til stebroren Godfrey er merkelege. Han er forelska i henne, men han er også storebror. Sjeleleg har han forma henne til ein viss grad, og åndeleg har han hatt stor innverknad. Når altså Zoe finn tilbake til Kyrkja, ser han at den delen av han sjølv som er blitt ein del av Zoe, går tapt. Så kjem sjalusien inn i biletet, og dei sterke motsetningane han kjenner i dette forholdet, byrjar vise seg.

Fyrste akt er den einaste vanskelege når det gjeld Zoes nærvære i handlinga. Andre akt nyttar berre ei logisk utviding av teknikken med tilbakeblikk, i det scenar frå fortida blir sette opp mot gravferdsritualet. Tredje akt viser korleis livet kverv, og vekkjer kanskje tankar om kva som er att etter eit menneske som døyr og blir gravlagt, ved at dette mennesket framleis er til stades på scenen. Familien tenkjer sjølv sagt meir og meir på Zoe som eit uklårt minne om eit menneske dei eingong kjende.

Eg vonar at publikum ikkje lagar vanskar for seg sjølve ved å grunde for mykje over Zoes nærvære i handlinga. – Om ho verkeleg er der, om ho er ei ånd, eit minne, eller kva det nå kan vera. Å godta forma eit skodespel har fått, vil nemleg seia at ein veit kva ein ikkje skal bry hovudet sitt med.

James Saunders.

LIVSTRYGDING – PENSJONSTRYGDING

GJENSIDIGE

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 – Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

EASY A/s

*Den mest moderne delikatesseforretning
med byens største utvalg*

STORTINGS GT. 8 (vis à vis Studentertunden)

THAU



Kawle

- et godt navn i 52 land

PÅ SPELPLANEN —

I kulturveka sist i september spelar Det Norske Teatret «— som ein ange av blomar» av James Saunders, «Kjærleikshagen» – tre pantomimer av Henryk Tomaszewski og «Et dukkehjem». 28. september får «Othello» premieere med Earle Hyman i tittelrolla. Som Iago får vi sjå Espen Skjønberg, no fast tilsett på Det Norske Teatret. Etter Shakespeare kjem «Tango» av Slawomir Mrozek og «Blues for Mr. Charlie» av James Baldwin. «Taremareby» blir òg spela nokre gonger i haust.



NATIONALTHEATRET

Hovedscenen :

«BRAND»

av Henrik Ibsen

I tittelrollen: Toralv Maurstad

Dekorasjoner: Dag Frogner

Regi: Barthold Halle

«MORDET PÅ MARAT»

av Peter Weiss

I tittelrollen: Per Sunderland

Dekorasjoner: Guy Krohg

Regi: Arild Brinchmann

«GLASSMENASJERIET»

av Tennessee Williams

med Ada Kramm, Liv Thorsen,

Joachim Calmeyer og

Lars Nordrum

Dekorasjoner: Chr. Stenersen

Regi: Gerda Ring

A m f i s c e n e n :

«VI SNAKKET OM ROSER»

av James D. Gilroy

med Helen Brinchmann, Ger-

hard Bjelland, Arne Lie

Dekorasjoner: Per Schwab

Regi: Toralv Maurstad

OSLO NYE TEATER

«PETER-PETER»

Lystspill av Curt Goetz

Regi: Thorleif Reiss

Barneteatret

i Folketeaterbygningen:

«ONKEL TOM»

etter «Onkel Toms hytte»

Dramatisert av Sverre Gran

Regi og koreografi: Guri Ludt

DEN NORSKE OPERA

«MADAME BUTTERFLY»

Opera av Giacomo Puccini

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Zdenko Pehara

Dekor og kostymer:

Jan Thomas Njerve

Balletaften :

«Frøken Julie»

«Le Corsaire» (*pas des deux*)

«Bachianas Brasileiras»

«Kontrapunkt»

Koreografi:

B. Cullberg, J. Mazilier, J. San-

ders, B. Macdonald

Musikk:

T. Rangström, R. Drigo,

V. Lobos, J. S. Bach

Innstudering:

A-M. Lagerborg, S. Arova,

J. Sanders, B. Macdonald

Dirigent:

Zdenko Paherda/Arvid Fladmoe

«EUGEN ONEGIN»

Opera av Peter Tsjaikovskij

Regi: Joan Cross

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

William Chappel

Première 17. september

«NØTTEKNEKKEREN»

Eventyrballett av Marius Petipa

Koreografi:

Lev Ivanov/Walter Gore

Musikk: Peter Tsjaikovskij

«BARBEREN I SEVILLA»

Opera buffa

av Gioacchino Rossini

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

Arne Walentin

ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?

HOS MEG finner De koselige presanger

i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.

ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 — TLF. 44 29 23 - kl. 11—15

**for DEM som
foretrekker
furumøbler ...**

PeiseStua

J. ERIKSEN A/S FILIAL

Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 41 64 22

GODE PARKERINGSFORHOLD

OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,
ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og
20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller – Faste oppdrag mottas

GRILLSTOVA



**Bonde-
ungdomslaget
i Oslo**

Ekstra god mat til rimelege prisar.
Internasjonalt kjøken og norske
spesialitetar. – Alkoholfrie vinar.

*Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda,
100 m opp frå Karl Johan.*

Ope kvardagar kl. 9–23

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer

